


KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

NR. 7/8

JULA 1989

43. ÅRG.



ENGELEN SA TIL HENNE:
"VER IKKJE REDD, MARIA!
FOR DU HAR FUNNE NÅDE
BJÅ GUD. DU SKAL VERTA
MED BARN OG FÅ EIN SON,
OG DU SKAL GJE HAN
NAMNET JESUS".

Luk. 1, 30-31

Ragnhild 8 år



Biskopen i Bjørgvin

JOL – GUDS JA

Jol er Guds JA til jorda. Og til oss jord-buarar. Jola er budskapet om at himmel og jord høyrer saman. Gud er ingen framand. Utan jol var jordliv noko anna enn det er no. Me levde på ein kaldare klode.

Jola er ikkje noko sjølvstekt. Noko me kunne rekna oss til. Eller gjera krav på. "Gud bur i eit ljøs der ingen kan koma, han som inkje menneske har sett og ingen kan sjå", heiter det (1. Tim.6,16). Avgrunnar skil oss frå den Grenselause. Våre tankar og talemåtar er skorne til etter det fem jordiske sansar kan fanga inn, kor langt rekk dei? Ikkje til universet og alle tings opphav, veit eg. For ikkje å snakka om: Det himmelske ljuset – kva med mørkret som me steller til for kvarandre? Gud den heilage – eg ein syndar.

Det heilt utrulege skjer jolenatt: Himmelen stig ned til jorda. Gud på vår jord! Ja, ikkje berre det: Gud – ein av oss jordiske! I kjøt og blod, i arbeid og kvile, lever vårt liv, døyr vår død. Rettar hendene fram, fulle av himmelsk herlegdom. Ein dag vert hans oppstode vår oppstode. Av jord.

Den Gud som ein gong skapte jorda, vert ikkje sitjande bak stjerneblånar: Intelligensen som er bak det som er bak det som er bak ... i det endelausa. Han kjem oss nær, gjer seg til del av det skapte. Utruleg! Gjer seg jordisk. Menneskeleg. Menneskeleg. Me kunne seia: Heimleg. Kor mange av oss har ikkje sett for seg Betlehems-krubba i stallen (eller fjosen eller vedskjulet) til besteforeldra våre? Kan henda var ikkje det så dumt som tankelausa vaksne ville ha det til.

Skaparen seier JA til skaparverket. Han vil ikkje gje det frå seg, har ikkje etla det til øyding. Difor stig han inn i det: Guds Son – Menneskesonen! Forat me ikkje skal vera i tvil om at Han framleis er mellom oss og ferdast på den same jord, har han knytt sitt nærvere hjå oss til jordiske – umiskjennelige jordiske – gåver: Vatnet i dåpen – ur-elementet som alt levande er kome frå, stoffet som utgjer ein større del av kroppen vår enn noko anna. Brødet i nattverden – Jesu lekam som stadfester at han har delt liv og lagnad med oss alle – kjem frå mjølet, frå kornet, frå akset, frå strået med røter djupt i molda. Vinen i nattverden – Jesu blod som stadfester at han har døydd vår død for å skenkja oss sitt liv – kjem frå drua, frå klasen, frå ranken med røter djupt i molda. Dei heilage sakramente i kyrkja er ikkje noko anna enn Guds vedvarande JA til jolenatt. Dei slår fast underet: Jorda har vorte berar av himmelsk liv. Forgjengelegdom vert vigsla til herlegdom. Himmelen seier JA til jorda. Gud seier JA til mennesket.

Sæle stunder, store under,
store under og løyndoms skatt!
Møyi vart moder, Gud vart vår broder,
Gud vart vår broder i jolenatt.
(Norsk Salmebok 65,4)

Gledeleg jol – jol på jord, jol av jord. For oss jordiske.

Dykkar Per Lønning



Ei helsing fra prestane

Vi som er prestar i Vaksdal, vil gjerne senda ei helsing til dykk alle no før jul.

Vi veit at året som snart ligg bak, har ført med seg både glede og sorg.

I år hentar vi ord til vår julehelsing frå ein av våre eldste salmar – nr. 1 i salmeboka. Denne salma vart skrivi for 1600 år sidan. Ho fortel kven jula handlar om:

| | |
|--|---|
| Folkefrelsar, til oss kom, fødd av møy i armodsdóm! | Klårt di krubbe skina kan, ljuset nytt i natti rann, |
| Heile verdi undrast på kvi du såleis koma må. | naud og natt til ende er, trui alltid ljuset ser. |

Lov og takk, du Herre kjær,
som til verdi komen er!
Fader god og Ande blid,
lov og takk til evig tid!

Ljuset frå Betlehem lyser framleis. Vår von er at det må skina i kvar heim og kvart hjarta i Vaksdal!

Ei velsigna julehøgtid!

Inge Chr. Meidell Kjell Arne Norum

NYE SOKNERÅD:

SOKNERÅD FOR BERGSDALEN

Per Småbrekke
Ragna Lid
Kari Berge
Kristina Fosse
Vararepr:
Asbjørn Berge
Jan Haldor Hatlestad
Nils J. Lid
Borghild Småbrekke
Anne-Lise Berge

Det vart avgitt 22 røyster,
derav 6 førehandsrøyster.

SOKNERÅD FOR EKSINGEDALEN

Gunhild Lavik
Aage Lavik
Eldbjørg Nese
Nils N. Nesheim
Vararepr:
Ingolf Gullbrå
Geir Høvik
Kjell Flatekval
Inger Lavik
Olav Nese

Det vart avgitt 23 røyster,
derav 4 førehandsrøyster.




BORN I GUDSTENESTA

Sume foreldre sit som på når i kyrkja når dei har småborna med - engstelege for at dei skal laga uro. men borna må få lov til å vera born! Og sidan kyrkja er til for borna òg, må vi finna oss i at det vert både lyd og rørsle i kyrkja.

- Her er nokre små framlegg:
- Ta av dei skoa. Då uroar det ikkje om dei ruslar litt att og fram.
 - Lat dei sitja på golvet og teikna.
 - Ta med bøker til å bla i. I nokre av kyrkjelydane ligg det slike bøker bak i kyrkja.
 - Mjuke leikar smell ikkje når dei fell ned!

Til sist: Engstelege foreldre skal veta at det er godt når borna kjem med til kyrkje. Dei høyrer til der.

Helsing prestane



KIRKEAKTUELT 6/89

Helgefred

"Alle søndagens timer var forskjellige fra ellers i uken, blankere og renere", skrev Nansen-skolens rektor, Inge Eidsvåg, i Aftenposten nylig.

Eidsvåg sammenligner helgefred på 50-tallet med støyende søndager på 80-tallet. Han aner at "vi har mistet noe på veien ..., følelsen av høytid. Fornemmelsen av at noe i tilværelsen er hellig".

Eidsvågs generasjon, førtiåringene, har bidratt til et brudd i norsk kultur. Mens eldre generasjoner har mer respekt for helg og høytid, og yngre igjen er på leting i den retningen, er etterkrigs generasjonen preget av mistro til "besteborgerlig" sed og skikk.

Forslaget til ny helligdagslovgivning kan vise seg å tilhøre en sekulariseringsbølge som er i ferd med å tape kraften. Forslaget styrker vernet om helgefredens sentrum, gudstjenesten. Men samfunnets behov for høytid er lite synlig.

Det er et tankekors at de som ser dette klart ikke alltid er å finne blant Den norske kirkes mest aktive medlemmer. Eidsvåg, som skriver vakrere om århundrers helgetradisjoner enn mangen bisp, er ikke engang medlem av kirken for tiden.

Høstens bispebrev om folkereligiositet tyder på at kirkedelsen igjen er ved å se stort på hvem som er troens folk. Høstens kirkemøte kan vise samme omsorg for Norges lange kristenarv når det skal si sin mening om forslaget til helligdagslovgivning.

ØNSKEDIKTET

Advent

Mens frost og vintermørke når
begynner kirkens nye år,
og våre sinn skal være vendt
mot lyset som på jord er tent.

I mørket ved vår side står
han som steg inn i våre kår.
Hvert adventslys skal minne om
at Jesus, lysets Herre, kom.

Han kommer stadig til oss inn
og lar oss se Guds milde sinn.
Vårt ønske ved den tente krans
er at vårt liv må være hans.

Når verden og dens tid forgår,
gryr evighetens kirkeår.
O Herre, la oss finne vei
til lys og evig liv hos deg.

Svein Ellingsen
(fritt etter E. Evers)

KJÆRE MEDARBEIDARAR !

Torsdag 3. november var det skipa til ei samling for leiarane i barne- og ungdomsarbeidet i Vaksdal prestegjeld. Asbjørn Ekse, Nils Kåre Tolås og Kjell Arne Norum fortalde frå ei studiereise dei hadde til ein kyrkjelyd i byen York i England i fjor haust. Etterpå vart ordet fritt.

Her kjem eit referat frå samtalen. Vi skriv om dette fordi samtalen munna ut i konkrete og målretta framlegg på to viktige område. Vi vonar at desse linene kan stimulera samtalen vidare mellom oss.

FORBØN

Kva kan vi gjera for å styrka forbøna - no i forbønsåret?

- Aller fyrst: Ved at vi bed om bøna si ånd.

- Samling om bøn i kyrkja ein halv tilme før gudstenesta. Mogeleg å ta med seg særskilde bønneemne herifrå inn i sjølvte gudstenesta.

- Kalla ein person i kvart sokn til å vera bønkontakt. Små sokn kan knyttast til nabosoknet.

Oppgåver til dømes:

Laga eit ark kvar månad med emne til bøn og takk.

Ta imot spørsmål om forbøn og formidla desse til gudstenesta, eller til grupper eller einskildpersonar som bed.

- Bønneemne i kyrkjebladet: "Denne veka bed vi om..."

- Eigen bønedeag.

GUDSTENESTA OG BORNA

Ønskje om fleire familiegudstenester vart nemnt. Kva så med til dømes nattverdfrekvensen - i kyrkjer som i høgda har gudsteneste annankvar helg, og med andre spesialgudstenester som skal på plass i puslespelet?

Kan henda løysinga ligg i å skilja mellom familiegudstenester med brei mønstring, utdeling av bøker o.l. - og familievenlege gudstenester der ein og kan ha nattverd.

Idèar som elles kom fram:

- Innby skulen og søndagsskulen til å førebu seg med tanke på innhaldet i gudstenesta. Førebu opptrinn, laga teikningar som kan hengast opp eller visast på overhead.

Viktig at søndagsskulelærarar ikkje får nye, store bører - men kan henda dette kan vera ein inspirerande variasjon?

- Gjera kjent kva ungane har lov til under gudstenesta. Om ungane får pusla i fred, kan det hjelpa dei til å føla seg heime. Og det kan skapa større tryggleik for nervøse foreldre.

*

Desse tankane vert lagde fram for sokneråda. Nokre av idèane treng ei lokal tilpassing før dei kan verta gjennomførte.

Venleg helsing

Inge Chr. Meidell og Kjell Arne Norum



Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

Ère vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske
som Gud har hugnad i!

Luk.2,13-14

Nye gudstenesteformer i Vaksdal prestegjeld etter nyttår

I EIDSLANDET KAPELL SØNDAG 25. FEBRUAR

tek vi i bruk ein ny type gudsteneste: Nattverd-gudsteneste i kort form. Mein- inga med den gudstenesta er å leggja hovudvekta på og konsentrasjonen ikring nattverden med brødet som Jesu lekam og vinen som Jesu blod.

Før preika vil vi syngja ein salme og be saman. Synsvedkjenninga kjem saman med forbøna etter preika.

Som hjelp for oss til å festa merk- semda vår på det som skjer i nattverden, les presten ei påminning om kva natt- verden er.

Gudstenesta sluttar med velsigning og utsending: "Gå i fred, og ten Herren med glede!"

I VAKSDAL OG STAMNES KYRKJER SØNDAG

28. JANUAR har eg sett opp forbønsguds- teneste.

Dei som særskilt ynskjer forbøn med handspålegging, har høve til å koma fram til altarringen ved desse guds- tenestene. Det er viktig at vedkomande på førehand har hatt ein samtale med meg. Alle som ynskjer samtale og sjele- sorg i samband med desse gudstenestene,

er velkomne til presten.

Gangen i gudstenesta er mykje lik ei vanleg høgmesse. Synsvedkjenninga kjem etter preika, og deretter kjem forbøna.

Vi tek til med både almenne og sær- lege forbøner. Vi kan be for einskilt- personar, dersom nokon ynskjer det. Det er òg høve til å bli bedt for med hands- pålegging. Ingen vil verta nemnd ved namn utan at han eller ho har gjeve klårt uttrykk for ynskje om det.

Vi sluttar av med takkebøn, Herrens bøn, slutningssalme og velsigning:

"Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred.

Amen."

Venleg helsing

Inge Christian Meidell.

sokneprest


Ingen veit kva for ein dag Jesus vart fødd. Men kyrkja har likevel vald ein særskilt dag til å feira Jesu fød- sel. Strengt tatt er det 25. desember som vert høgtida som Jesu "fødselsdag", men ofte tenkjer ein seg at han vart fødd om natta. Og då er det jo ikkje noko i vegen for å starta feiringa kvelden før, slik som vi gjer det her i Noreg.

Det er fin symbolikk som ligg i at jula kjem på den mørkaste tida av året. Det er jo på denne tida at sola tek til å stiga att. I den kristne kyrkja er Jesus ofte blitt samanlikna med sola. Han kjem med ljøs i mørkret.

Rett før juleevangeliet hjå Lukas står det at "ljøset frå det høge skal gjesta oss som ei solrenning og skina for dei som bur i mørker og dødsskugge, og styra føtene våre inn på freds veg."

Legg også merke til at mange kyrkjer er vende mot aust, mot soloppgangen. Det er den same symbolikken som ligg til grunn her: Jesus Kristus er den som kjem med ljøs og glede og frelsa.

JUL



Et kall til troskap

Representanter for kirkelige bekjennelsesbevegelser i Sverige, Danmark og Norge har vært samlet til en felles konferanse i Oslo 27.10.1989 i regi av Foreningen For Bibel og bekjennelse (FBB i Norge).

I alle våre nordiske folkekirker finnes det mange lekfolk og prester som nå ikke lenger kjenner seg igjen i sin egen kirke. Avkristning har lenge preget våre land. Men også i kirkene er det skjedd en avkristningsprosess som vi føler skremmende.

I denne situasjon vil vi peke på at det i Guds ord finnes klare eksempler på lignende situasjoner. Det er skjedd tidligere at Guds folk er blitt redusert til bare en rest (se 1.Kong.19).

Til alle som føler seg rådville over at de nordiske folkekirkene synes å ha sviktet sin arv og sitt kall, vil vi fremholde:

Våre folkekirker tilhører Den treenige Gud, Faderen og Sønnen og Den Hellige Ånd. Han vil selv beskytte, nære og lede sitt folk. Kallet til oss er å være tro mot Kristus, og derigjennom Guds ord, og å fortsette ufortrødent fullførelsen av misjonsoppdraget. For at dette skal kunne virkeliggjøres, foreslår vi følgende punkter som særlig aktuelle når enkeltpersoner, grupper og menigheter forsøker å se og fullføre sitt kall:

1. Fordi kirken er Kristi legeme, må våre folkekirker vokte seg mot å forfalle til et offentlig religionsvesen eller et almenreligiøst serviceorgan. Bare Guds ord og kirkens bekjennelse må få bestemme i kirken. Statlige og demokratiske maktorganer må ikke få forlede oss til å glemme at det er Gud alene vi skal lyde, ikke mennesker.

2. Fordi kirken er satt til å være mor for sine barn, må våre folkekirker fornye sin diakonale forpliktelse. Jesus Kristus tjente sine små venner. I Kristi etterfølgelse er vi kallet til å vise praktisk omsorg for Guds barn og alle mennesker i alle livsvanskeligheter.

Derfor må det diakonale embete gjenreises i våre menigheter. Den enkelte kristne må tilegne seg en diakonal livsholdning. Og menighetene må ansette diakonisser og diakoner som på heltid vier seg til et slikt liv i nærkontakt med vår tids problemer, både menneskelig, åndelig og sosialt. De må dessuten avlønnes like godt som menighetens prester. Plikten til å tale det ufødte barns sak må på en særlig sterk måte prege alles samvittigheter i denne tid.

3. Fordi kirken er Kristi hjord, må de som er satt til hyrder i våre folkekirkemenigheter se til at de nøye vokter hjorden. Mot dem som forfalsker Guds ord må vi uavkortet bekjenne troens sanne ord. Alle Guds barn har dette ansvaret sammen med dem som er satt til hyrder i menighetene. Vi trenger en bibelsk fornyelse av mønsteret for arbeidet i menighetene: Sammen må vi tjene vår Gud i gudstjenestlig lovprisning og tilbedelse. Kirkens dåpspraksis må markere et sterkt kall til etterfølgelse i tro. Fornyelse og undervisning må gi innføring i Bibelen, troens kilde, og veiledning til å leve etter Guds hellige bud. Nattverden må bli menighetens regelmessige styrkemåltid. Menighetsordningene må legges til rette for sjelesorg og skriftemål.

4. Fordi kirken er Guds folk i verden, må våre folkekirker være klar over at vi hører hjemme i den ene alminnelige og verdensomfattende kirke. Nordens folkekirker er i så måte bare kirkeprovinser. Vår kallelse er å være et Guds folk som sammen er på vandring mot Jesu Kristi gjenkomsts dag.

Derfor må vi alltid la Guds ord og sakramenter bli båret videre ut. For Guds kirke må bygges i alle folkeslag. Gjennom misjonskallet må vi engasjere oss for kirkens universalitet. Den dagen vår Herre Jesus Kristus kommer igjen, vil han gjøre oss til EN hjord under EN hyrde (Johs.10,16).

Når situasjonen er blitt slik at mange ikke lenger kjenner seg igjen i våre nordiske folkekirker, og når troens folk mest ligner på en rest som er blitt tilbake, har vi bare en vei å gå: omvendelsens, troskapens og lydighetens vei til en ny forpliktelse på Kristi eget ord.

Derfor vil vi si: Vær ikke for snar til å gi opp håpet for våre folkekirker i en mørk tid. La oss hver på vårt sted stå fast i tro, bekjennelse og utholdenhet.

Kanskje kan Gud ennå vise oss den nåde at han lar sin lysestake fortsatt bli stående i våre nordiske folk. (Apb.2,5; sml. 1,13 og 20).

JULENØTTER

Set orda i sekken på rett plass



I sekken finn du orda som er gløymt i forteljinga. Set dei inn på rett plass!
 Etterpå kan du lesa Luk. 2. 1-5.
 I dei dagane let keisar lysa ut at det skulle takast over heile verda. Dette var gongen dei tok manntal, og det hende medan var lands-

hovding i Syria. Då-for alle heim, kvar til sin og skulle skriva seg i manntalet. Josef og før frå byen i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter for han hørde til hus og ætt, og skulle skriva seg der festarmøya hans, var med han. Ho venta då

PÅ JAKT ETTER BIBELSKJE PERSONAR

Desse ti setningane gøymmer på minst 11 bibelske personar.

Prøv og finn dei!


1. Vi treng to maskiner til gravinga.
2. Du får 10 kroner for å rake lauvet.
3. Skal eg vise mor karakterboka?
4. Dette er ein sykkel anno attenhundre.
5. Vi manglar framleis tre sauer.
6. Der møtte vi ein glad amerikandar.
7. Han las høgt frå juleevangeliet.
8. Dei reiste forbi eit stort slott.
9. Alle jobba til langt på natt.
10. Kari kunne ikkje finna kammen sin.



KVA FOR EIN JULESONG GØYMER SEG HER?

Dersom du plasserer dei 11 firkan-tane i rett rekkjefølge, finn du ein kjend julesong.

| | | |
|----|----|----|
| N | ER | HI |
| EL | IG | IL |
| MM | B | DE |
| DE | LÅ | |



JULELYKT



- Du treng:
- «barnematglas» eller liknande,
 - silkepapir eller stjerner og hjerter,
 - lim,
 - te-lys.

Slik gjer du:

Lim silkepapir over heile glaset. Bruk gjerne fleire fargar. Set te-lyset oppi glaset. Ver forsiktig når du tenner på. I staden for silkepapir, kan du lima stjerner og hjerter på glaset.

Du kan laga stjerner og hjerter sjølv; eller kjøpa dei. Julelykta blir fin den.

LØYSINGAR :

1. Vi treng (to mas)kiner
2. Du får 10 kroner for å til gravinga.
3. Skal eg vise m)or ka-rakterboka?
4. Dette er ein sykkel an(no a)ttenhundre.
5. Vi manglar framleis tre sauer.
6. Der møtte vi ein gl(ad am)erikandar.


KVA FOR EIN JULESONG GØYMER SEG HER?

7. Han las høgt frå jule-(eva)ng(e)l(i)et.
8. Dei reiste forbi eit stort slott).
9. Alle (j)ob)ba til langt på natt.
10. Kari kunne ikkje finna (kam)men sin.

SNØKULER

Du treng: kvit cellevatt-kule, gullstjerner, hårnål, el.l. til å hengja kula opp etter. tråd.

Slik gjer du: Lim så mange gullstjerner som du vil på kula. Stikk ei hårnål el.l. ned i toppen av kula. Fest ein tråd øverst i hårnåla, - og du har alt ei fin kule. Lag fleire slike, gjerne i ulik storleik, og heng dei på juletreet.



Med Jesus vandrar vi

(Bruk terningar og knappar).

3. Jesus, verda sin Frelsar, vart fødd i ein stall i Betlehem. Det er det største som har hendt på jorda. Du får eit ekstra kast!

START

1

2

7

6

5

4



8. Tre vise menn frå Austerland hadde høyrte om Jesus før han vart fødd. Stjerna leia dei til Jesus. Det var langt dit. — Stå over eit kast.

9

10

11

12

13

14

15

16

18

19

20

21

22



17. Då Maria og Josef kom til tempelet i Jerusalem med Jesusbarnet, var gamle Simeon der. Gud hadde lova Simeon at han ikkje skulle døye før han hadde fått sett han som skulle frelsa menneska. Flytt fram til 20.

27. Då Jesus vart vaksen, gjekk han omkring på jorda og fortalde om Gud og Guds rike. — Flytt vidare når du får 2.

29

28

26

25

24

23

30

31

32. Jesus seier at borna høyrer til i Guds rike. Du får eit ekstra kast.



38. Det var for vår skuld at Jesus døyde. Flytt tilbake til 34.

33

34

35

36

37

39

40

43. Jesus er no i himmelen hos Gud. Der lagar han til ein plass til oss. Mens vi lever her, vil han at vi skal fortelja om han slik at vi kan bli mange som går på vegen til himmelen.

FLYTT I MÅL!

MÅL

45

44

42

41



DETTE SEIER BIBELEN OM GLEDE

ENGELN SA TIL GJETARANE UTANFOR BETLEHEM:

"Ver ikkje redde! Eg kjem med bud til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren."

(Luk.2,10-11)

JESUS SA TIL LÆRESVEINANE:

"Ja, eg har gjeve dykk makt til å trø på ormar og skorpionar, og makt over alt fiendens velde, og ingenting skal skada dykk. Og likevel: Gled dykk ikkje over at åndene lyder dykk, men gled dykk over at namna dykkar er skrivne i himmelen!"

(Luk.10,19-20)

APOSTELEN PAULUS SKREIV TIL KYRKJELYDEN I FILIPPI:

Gled dykk i Herren alltid! Atter vil eg seia: Gled dykk! Lat Alle menneske få merka kor gode og milde de er! Herren er nær! Gjer dykk inga sut for noko! Men legg alt de har å be om, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing. Og Guds fred som går over alt vit, skal vara dykkar hjarto og tankar i Kristus Jesus.

(Fil.4,4-7)

PETER SKREIV TIL KRISTNE I LILLEASIA:

Det kan de gleda dykk over, om de no ei lita stund, når så skal vera, må ha det vondt i mange slag prøvingar. Såleis vert trua dykkar prøvd. For når jamvel forgjengeleg gull må prøvast i eld, då må òg trua som er så mykje meir verd, prøvast, så ho kan verta til pris og herlegdom og ære for dykk når Jesus Kristus openberrar seg.

(1.Pet.1,6-8)





«La oss gå inn til Betlehem for å se dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» (Luk. 2,15.)

Betlehemsstjerna

Stjerna er eit av dei vanlegaste symbola vi nyttar i jula: -Den femtakka Betlehemsstjerna, eller julestjerna som vi også kallar henne. Ho skal minna oss om evangeliet si forteljing om Jesu fødsel og om korleis dei vise menn vart leidde fram til den staden der Jesus-barnet var.

Men stjerna seier meir enn det. Som nemnt har ho fem spissar. Og femtalet vert ofte brukt i den kristne kunsten til minne om dei fem sår til Jesus - dei han fekk på korset for vår skuld (eit i kvar hand, eit i kvar fot og eit i sida).

På den måten peikar stjerna lenger fram enn til jula. For barnet i krubba kom til jorda for å lida for oss. Jul og påske høyrer saman.

Enno er ikkje alt sagt. No gjev vi ordet til Grundtvig:



Stjerna leidde sant og visst vise menn til Jesus Krist. Me har òg den same stjerna; vil me berre følgja gjerna, finn me til vår Frelsar fram.

Denne stjerna bjart og mild som kan aldri leia vill, er det glade og det store fagnadbod i bibelordet til å lysa for vår fot.



Vi minner om at Dale kyrkje er open for bøn, samtale, ei stille stund laurdagar kl.9.30-11.00.

KORLEIS FÅR EIN TRUA

Då Jesus kalla læresveinane sine, spurde han ikkje kor mykje dei trudde. Han sa berre: "Følg meg!" Når dei så fylgde han, fekk dei ei tru som vaks seg djupare etter kvart.

Du kan òg gjera på same vis. Vi har no ei bibelomsetting på moderne norsk. Det er gudstenester i kyrkja der du bur. Du kan falda hendene og be om hjelp. Tenk ikkje at du må forstå alt med det same. Når du lyttar, vil forståing og tillit koma etter kvart.

Kjell Arne Norum

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!



MOT JUL

Somren er borte,
dagene korte,
men gjennom mørke, tåke og regn
hist i det fjerne
lyser en stjerne
Betlehemsstjernen, det himmelske tegn.

Snart skal vi høre
klokkene føre
budskap om høytid i hjemmene inn.
Klart skal det klinge,
inn skal de ringe
julen for alle - i hjerte og sinn.

Granen vi tenner
atter vi kjenner
julens vidunderlig barnslige fryd.
Intet oss tynger
medens vi synger
julekveldssangen med jublende lyd!

Margrethe Munthe



ANERLEDES ADVENT



KALENDER 1989




EIN ANNLEIS ADVENTSKALENDER


Santalmisjonen presenterar også i år ein adventskalender som er utanom det vanlege. Den gjev godt lesestoff og ulike pusleoppgåver til borna. Medan dei får høve til å gje pengar til misjonen, - på den bøssa dei får når dei set saman adventskalenderen. Kalenderen vert selt i kyrkjene våre i tida framover mot jul.

JULENS HEMMELIGHET!

heter en annerledes og spennende adventskalender, som er både kalender, sparebøsse og en spennende beretning, med klipping og liming for store og små. Den kommer i helteform og barna lager en liten Betlehemsstall av omslaget. For hver dag som går, skraper man fram en ny detalj i huset og leser et avsnitt av beretningen. Selve beretningen bygger både på opplevelse og fantasi, og den er spennende og har en ny vri på juleevangeliet. Kalenderen gir også barna muligheten til å vise medansvar ved å gi penger til Santalmisjonens misjonsprosjekter. **Pris kr.20,-**



FINN FRAM FARGEPLYANTANE!



HÅNDBOK FOR BEDRE SAMLIV

- Boka er faktisk bedre enn Bibelen - som starthjelp for ektefolk, vel å merke. Derfor har vi sluttet å gi brudeparene Bibel i gave fra kirken. I stedet får de "Sammen i kjærlighet"! En Bibel har de aller fleste, men konkret hjelp til å arbeide videre med samlivet ut fra Guds ord har vi manglet - helt til nå i høst.

Res.kap. Bjørn Tore Pettersen i Time menighet, Bryne på Jæren, har endelig funnet en bok som gir hjelp både fra Bibel og psykologi til alle som vil at brukbare ekteskap skal bli bedre. Han anbefaler "Sammen i kjærlighet" i alle vigselssamtaler, og har også glede av den når han oppsøkes av ektepar der samlivet skurrer.

"Sammen i kjærlighet" har vært på markedet siden september 89, og har på kort tid solgt i flere tusen eksemplarer. "Navigatørene", som står bak utgivelsen, er kjent for å lage studiemateriell som bygger bro mellom alminnelige menneskers hverdag og Bibelens beretninger. Denne boka er

ført i pennen av deres generalsekretær Ole-Magnus Olafsrud og legen og familierapeutten Egil Østebrod. Den er blitt en "håndbok" for samliv som kan leses både i sammenheng og i små porsjoner. Alle som bruker den sier at de får hjelp til å begynne å snakke sammen.

En av dem som er begeistret for boka, er Per Arne Dahl, leder av Sjelesorginstituttet ved Modum bad, og fast spaltist i lørdagsutgaven av Aftenposten.

- Boken er gjennomsyret av at Bibelen er på livets side, skriver han forordet til "Sammen i kjærlighet".

- Den psykologiske innsikt slik den er anvendt i boken er også til menneskets beste. Derfor er boken et vesentlig bidrag til hverdagsmennesker som lengter etter liv, nærhet og ekte fellesskap, understreker Dahl.

Du kan bestille "Sammen i kjærlighet" direkte fra Navigatørene i Oslo.

Bruk gjerne bestillingskupongen nedenfor, eller ring 02 - 60 41 83.

JA! Jeg/vi kjøper "SAMMEN I KJÆRLIGHET"

..... stk a kr 138,- + porto
(porto beregnes ikke ved bestilling av minst 5 eks.)
() 2 stk til ekteparpris kr 248,-
() Send også katalog over annet materiell fra Navigatørene!

NAVN _____

ADRESSE _____

POSTNR /-STED _____

Send kupongen til Navigatørene
Boks 122 Sentrum, 0102 OSLO 1
Eller ring 02 604183

Her er innholdet:

1. «... og de to skal være ett». Om ekteskapets grunnlag.
2. «For du har skapt mitt indre...». Personlighetsforskjeller hos ektefellene.
3. «La oss bare, så langt vi er kommet...». Om endring av holdninger og atferd.
4. «Tankeløs tale stikker som sverd...». Om kommunikasjon i ekteskapet.
5. «...og holde seg til sin hustru...». Om relasjoner i familien.
6. «...forlate sin far og sin mor...». Om forholdet til foreldrene.
7. «Vær gode mot hverandre...». Om behovet for oppmerksomhet.
8. «...du vil ha sannhet i menneskets indre...». Om ekte og tillærte følelser.
9. «La ingen se ned på deg!». Om roller og psykologiske spill.
10. «...Min lyst og glede». Om kjønnsforskjeller og seksualitet.
11. «Nå ble det en strid mellom dem...». Om konflikter og konfliktløsning.
12. «Hva kan vel mennesker gjøre meg?». Om bearbeiding av våre følelsesmessige sår.
13. «...tjen hverandre i kjærlighet». Om organisering av hverdagen.
14. «...i trygge hjem, der en sorgfritt kan hvile». Om barnas oppvekstmiljø.
15. «...gikk fram i alder og visdom». Om barnas personlighetsutvikling.
16. «For hvor to eller tre er samlet i mitt navn...». Om det åndelige livet i familien.
17. «...de samlet seg ...i hjemmene...». Om hjemmet i nærmiljø og menighet.
18. «En by som ligger på et fjell, kan ikke skjules». Om vennskap i vitnetjenesten.
19. «Da vil verden skjønn...». Om Ordet og fellesskapet i vitnetjenesten.



"Sammen i kjærlighet" kan brukes
- til selvstudium
- av ektepar
- i grupper
Hvert av de 19 kapitlene har
- en tankevekker fra Hårek og Gyda
- teoridel fra Bibel og psykologi med eksempler fra hverdagslivet
- spørsmål og notatplass til ettertanke og parsamtale
- forslag til gruppesamtale.

NB! Ektefeller bør ha hver sin bok. Ektepar får to bøker for kr. 248,-.



Nye Luther Forlag

UTBRENT FOR GUDS SKYLD – burde være en plikt å lese for alle ansatte og frivillige som har arbeidet, arbeider eller skal arbeide med oppgaver innenfor kristne organisasjoner. Den forklarer, viser og gir råd på forskjellige områder der det ofte skorter på. Når man begynner å engasjere seg i kirken er det ofte med stor entusiasme og forventning. Dette pågangsmotet kan etter en tid gå over til å bli det totalt motsatte; fornemmelser av stagnasjon og frustrasjon. Man blir trett, sliten og utbrent. Dette fører ofte til at man slutter i menighetsarbeidet.

Menighetens arbeidsmiljø er slik at det på mange måter kan skape tretthet og utbrenthet. Vi må bevisst arbeide med det for å skape bedre forhold og forebygge overanstrengelse og utbrenthet.

UTBRENT FOR GUDS SKYLD behandler tretthet, beskriver hvordan utbrenthet oppstår og hva den innebærer, og forsøker å peke på ulike midler for å kunne motvirke og avhjelpe utbrenthet.

Boken er i salg hos landets bokhandlere.

KIRKELIG ÅRSKALENDER

Kirkelig Årskalender er nå i salg for 1990. Denne dekker de fleste behov for en kalender. Foruten å ha et bibelvers for hver enkelt dag har den årsplan for 1990 og 1991. Videre har den en stor presentasjon av og adresser til; kristne organisasjoner, råd og utvalg, kontorer/organer innen Den norske Kirke og frikirkelige trossamfunn, kristne skoler, aviser, tidsskrifter, hoteller etc. Kalenderen har en størrelse slik at den er den perfekte lomme-almanakk. Kirkelig Årskalender egnert seg som en liten førjulshilsen, og nyttårshilsen.



Vår Herre han hvilte i krybben så trang,
skjønt himmeriks kår var hans eie.
Og hyrdene knelte, og englene sang,
og vismenn omringet hans leie.
Det ville vår Herre oss unne.

Er du gravid!

og ønsker noen å snakke med?

Ring (05) 32 56 77

- Gratis graviditetstest
- Medisinsk veiledning
- Rådgivningssamtale
- Råd om støtteordninger

aan

ALTERNATIV TIL ABORT I NORGE

Rådgivningskontoret for gravide
mandag til fredag 09.00-16.00.
Strandgt. 6, 4. etg. – BERGEN

SLEKTERS GANG

Døpte



DALE


15.10 Jenni Kristin Knutsen Aga
29.10 Torben Fjellanger Vågen
12.11 Kjetil Knutsen
12.11 Filip Rolland Ulveseth
12.11 Kristine Jamne Vik

STAMNES

05.11 Malin Stien Myrold
05.11 Merete Kallestad Hagen

EKSINGEDALEN

22.10 Simon Flatekval



Avlidne



DALE


22.10 Barbro Furnes f.1895
31.10 Elisabeth Carlsen f.1989
01.11 Irmelin Carlsen f.1989
09.11 Kirsten Leiro f.1922
10.11 Anna Fasteland f.1904

STAMNES

29.10 Alf Johan Lilletvedt f.1907
11.11 Johannes Fyllingslid f.1910

VAKSDAL

03.11 Ola Bjørsvik f.1907



KIRKENS SOS



Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Åpent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00

Har du bil?

Ta andre med deg når du køyrer til kyrkje!!!



SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har stoff til neste nummer. Frist for innlevering av stoff er 1. februar.

Tove Margrete



VELKOMEN TIL KYRKJE

JULAFATAN 24. desember

EKSINGEDALEN kl.12. Fam.gudst.Norum.

Offer til Redd Barna.

STAMNES kl.13.30 Fam.gudst. Meidell.

Offer til Det Norske Misjonsselskap.

DALE kl.15.og 16.Fam.gudst. Meidell

Offer Dale/Stangh. Søndagsskular.

VAKSDAL kl.16. Fam.gudst.Norum.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

1. JULEDAG - 25. desember.

DALE kl.11.Høgtidsgudst.Norum.Nattv.

Offer til Menighetsfakultetet.

VAKSDAL kl.11.Høgtidsgudst.Meidell.

Offer til Det Norske Misjonsselskap.

Nattverd.

2. JULEDAG - 26. desember

BERGSDALEN kl.11.Høgtidsgudst.Meidell.

Offer til Menighetsfakultetet.

STAMNES kl.11.Høgtidsgudst.Norum.Nattv.

Offer til Norsk Luthersk Misj,samband.

NESHEIM kl.16. Høgtidsgudst.Norum.

Offer til Dronning Mauds Minne.

EIDSLAND kl.17.Høgtidsgudst.Meidell.

Offer til Det Norske Misjonsselskap.

NYÅRSAFTAN - 31. desember

DALE kl.23.15 v/sp.Meidell.

VAKSDAL kl.23.15 v/res.kap.Norum.

NYÅRS DAG - 1. januar

BERGSDALEN kl.11.Norum.Nattverd.

EKSINGEDALEN kl.11.Meidell.Nattverd.

7. januar - Kristi openberringsdag

STAMNES kl.11.Meidell.Nattverd.

STANGHELLE kl.11.Norum

14. januar - 1.sønd.etter Kr.openber.

DALE kl.11.Norum.Nattverd.

VAKSDAL kl.11.Meidell,Nattverd.

21. januar - 2.sønd.etter Kr.openber.

EIDSLAND kl.11.Norum.Nattverd.

NESHEIM kl.11. Meidell.Nattverd.

28. januar - 3.sønd.etter Kr.openber.

STAMNES kl.11. Forbøns gudst.Meidell.

VAKSDAL kl.18. Forbøns gudst.Meidell.

4. februar - Vingardssøndagen

EKSINGEDALEN kl.11.Fam.gudst.Norum.

DALE kl.17. Fam.gudst.Norum.Utdeling

av "GODT NYTT" til 11 åringane.

11. februar - Sãmanningssøndagen

VAKSDAL kl.11.Fam.gudst.Norum.

Utdeling av "GODT NYTT" til 11åringar.

BERGSDALEN kl.11.Meidell.Nattverd.

18. februar - Kristi Forklåringsdag

STAMNES kl.17.Fam.gudst.Norum.

DALE kl.18. Meidell.

25. februar - Søndag før faste

NESHEIM kl.11.Meidell.Nattverd.

EIDSLAND kl.17.Nattverd gudst.Meidell.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: kr. 50,-

Postgiro 5 72 34 73

Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete

Nordmark, Boge,

5270 Vaksdal

tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen,

Boge, 5270 Vaksdal

tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese

tlf. 05 - 55 50 45

Retur til Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese